



VINJE

Vikse, Ingjerd

Dato: 05.05.2025

Vår referanse: 2024/2187-37

Sakshandsamar: Anne-Sofie Bergene Strømme

Svar på brev - Reguleringsplan for Tyrvelid 99/6 PlanID 2019002 i Vågslid

Syner til innsendt brev 09.01.25 om rekkjefølgjekrav til rammeløyve som er sendt inn i høve mindre endring av reguleringsplanen for Tyrvelid 99/6, i Vågslid. Samt oppfylgingsbrev 29.04.25.

Først vil eg be om orsak for at brevet ikkje er svara på. Brevet er registrert som ordinært høyringsinnspel til saka som skal greiast ut i saksframlegget til politisk handsaming, og ikkje som eit brev som skulle svarast ut av sakshandsamar. Eg ser det står at de ber om tilbakemelding på brevet 09.01.25, dette ber eg om orsak for at ikkje er gjort. Brevet er sendt over til byggjesak no, dei er riktig instans for å fylgje opp dette vidare.

Det er ikkje framlegg om å endre rekkjefølgjekrava i prosess med mindre endring av reguleringsplanen, slik at rekkjefølgjekrav pkt. 4.2 bokstav d gjelder, og skal vidareførast.

§4.2 Før rammeløyve

- a) Godkjend teknisk plan i samsvar med dokumentasjonskrav i §3.1. Denne skal fylgje krava gjeve i generelle føresegnar.
- b) Dokumentasjon elles i samsvar med § 3.1. Dei tema som er relevante for det omsøkte tiltaket skal dokumenterast.
- c) Innanfor planområdet kan inntil 15 nye einingar få rammeløyve før krysset mellom Tyrvelivegen og E134 er utbetra. Det kan ikkje utskrивast rammeløyve for ytterlegare bygging av nye bueiningar i planområdet før krysset mellom Tyrvelivegen og E134 er utbetra i samsvar med reguleringsplankartet.
- d) **Straumkablar/liner skal vere lagt i bakken før det vert gjeve rammeløyve.**
- e) Når 30 einingar har fått ferdigattest/mellombels bruksløyve skal planskilt skiløypekryssing ved SKV3 og 50 varme senger ved BAA og Bfp1 og 2, i naboplanen, vera ferdigstilt.

Sidan brevet 09.01.25 og 29.04.25 ikkje er knytt opp til framlegg til endringar av reguleringsplanen som har vore på høyring blir det ikkje kommentert ytterlegare i denne saka. Det er byggjesak som er mynde til å følgje opp at reguleringsplanen, føresegnar og rekkjefølgjekrav blir fylgt.

Ta kontakt med byggjesak om de ikkje får svar på brevet dykkar.

Med helsing

Anne-Sofie Bergene Strømme

plan- og miljørådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Vikse, Ingjerd

Kopi til:
GEIR AUDUN VIKSE